

**Sakshandsamar:**

Jan Tore Rosenlund

E-post: jan.tore.rosenlund@sfj.no

Tlf.: 91674735

**Vår ref.**

Sak nr.: 15/13126-6

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

27730/16

**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 23.08.2016

Eid kommune  
Rådhusvegen 11

6770 NORDFJORDEID

Att: Kom.sjef Elin Leikanger

## Areal for opplæringstilbod til nykomne flyktningar og asylsøkjjarar

Viser til dykkar brev av 01.03.16 samt etterfylgjande møter, seinast den 19 d.m.

Gjennom dialog og møter har vi presentert ulike forslag til løysingar for å støtte kommunen sitt ynskje om å leige om lag 200 m2 ved Eid vidaregåande skule for opplæringstilbod til flyktningar og asylsøkjjarar.

Slik vi no ser det, er det den mest tenelege løysinga at vi ev. byggjer eit mindre tilbygg til eksisterande skule mot vest. Dette slik presentert i Nordplan as sine skisser datert 08.07.16 og slik vi gjekk gjennom i sist møte. Denne løysinga vil gi skulen fleksibilitet og kapasitet til å tilby dykk ynskt areal i eksisterande skule med god integrering i skulen.

For å realisere dette er det naudsynt å finansiere tilbygget gjennom leigeinntekter frå dykk. Som vi la fram i sist møte vil dette pr no krevje ei årleg leigeinntekt på 528.000,- kroner eks mva. Dette er inklusiv kapitalkostnad, reinhald, energi og teknisk drift.

Vi ynskjer ei langsiktig leigeavtale for i størst mogleg grad fullfinansiere investeringa. Slik vi drøfta i sist møte, og med grunnlag i leiga ovanfor, må det avklarast kor lang tid Eid kommune kan binde seg til ein eventuell avtale. Vi ber derfor om at de tilbakemelder dette til oss, ev. om det er andre former for økonomisk bidrag kommunen kan gå inn med for å medverke til fullfinansiering.

Ei investering i fylkeskommunal regi krev politisk handsaming. Vi vil etter dykkar tilbakemelding søke å få handsaming av saka snarast råd.

Med helsing

Jan Tore Rosenlund  
bygge- og eideomssjef